

# HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



## SKJORALIA NATURRESERVAT SURNADAL KOMMUNE Høyringsfrist 15.01.2021

E-postadresse:  
[fmmrpost@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpost@fylkesmannen.no)  
Sikker melding:  
[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:  
Postboks 2520  
6404 Molde

Besøksadresse:  
Julsundvegen 9

Telefon: 71 25 84 00  
[www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

Org.nr. 974 764 067



*Framsida: Skjorolia går bratt ned til Folda (foto: Fylkesmannen)*



## Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2020 var om lag 5,0 % av skogarealet og ca. 3,8 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypene i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyra og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

## Tilbodet

Fylkesmannen fekk tilbod om friviljug skogvern på gnr 3 bnr 5 i Surnadal kommune. Det omfattar eit areal på ca. 137 dekar skog i gjelet mot Folda i Foldalen. Tilbodet vart framsett i brev frå ALLSKOG SA den 29.10.2019.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er basert på kartlegging av naturtypar i Surnadal gjort av Geir Gaarder og Ingvar Stenberg i 2009. «*Biologisk mangfald i Surnadal kommune. Supplerande naturtypekartlegging. Miljøfaglig Utredning Rapport 2009-33*.» Rapporten viser at området har lokalitetar med kvalitetar for vern som naturreservat.

Fylkesmannen har difor takka ja til tilbodet om igangsetting av verneplanprosess for Skjoralia naturreservat.

ALLSKOG skal taksere skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigaren. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang. Fylkesmannen meldte oppstart av verneplanprosess for området i brev av 29.09.2020.



## Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget.

Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

*«Som naturreservat kan vernes områder som inneholder truet, sjelden eller sårbar natur, representerer en bestemt type natur på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold, utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller har særskilt naturvitenskapelig verdi.*

*Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.*

*I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.*

*Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»*

## Naturgrunnlaget

### Naturfaglege registreringar

I naturbase er det registrert to naturtypar som dekkjer størstedelen av tilbodsområdet. Ein lokalitet med rik edellauvskog (Skjoralia) får følgjande omtale:

«Lokaliteten ligg oppe i Folldalen, rett ovafor ein skarp sving i elva, der den skjer seg ned i eit trongt gjuv. Lokaliteten er avgrensa mot fattigare skog og ein skogsveg i nord, mot elva i sør og litt meir diffust mot bergflåg og lignende i aust og vest. Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Lokaliteten ligg i ei bratt sørskråning.

Lokaliteten har ein ganske klar verdi som viktig (B). Sidan det er snakk om uvanleg storvaksen, og truleg relativt lite påverka (utan spor etter styving) almeskog får den under litt tvil også verdi som svært viktig (A) her. Potensialet for kravfulle og raudlista artar er ganske godt.

I tresjiktet er alm (NT) dominerande over mykje av lokaliteten, men det er også noko osperik skog. Elles meir vanlege boreale treslag, samt så vidt litt hassel. Feltsjiktet har dominans av ulike høgstaudeartar. Det varmekjære innslaget er svakt, men m.a. junkerbregne og myske finst. I tillegg vart den regionalt sjeldsynte, austlege arten storrapp funne sparsamt. På eit par ospelæger vaks vedalgekølle (NT). På gamle almetre fant vi i tillegg sparsamt med almelav (NT), bleikdoggnål (NT) og narrepiggsopp (NT).»



I aust er det kartlagt ein viktig lokalitet (B) «Skjorolia aust» av naturtypen bekkekluft og bergvegg. Den vert omtala slik:

«Lokaliteten ligg oppe i Folldalen, der vegen innover i dalen flatar meir ut. Lokaliteten er avgrensa mot fattigare skog mot vegen, meir diffust mot ikkje like rik skog nede i lia. Naturgrunnlag: Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Lokaliteten ligg dels i ei bratt sørskrånning og dels i eit noko slakare, svakt sørvendt terreng. Lokaliteten får verdi viktig (B). Den er middels godt utvikla både som gammal ospeskog eller gråor-almeskog, men har samtidig innslag av einskilde regionalt sjeldsynte artar.

Miljøet er to-delt. Oppe på kanten er det ein eldre ospesuksesjon i blåbærskog. Nede i lia er det frodig høgstaudevegetasjon, dels i form av gråor-almeskog.

Det er samla sett brukbar treslagsblanding, med mest osp og furu oppe på kanten. Osp finst også nede i lia, men der er det meir alm (NT), hegg, rogn, selje mv. Feltsjiktet er frodig, og omfattar også noko varmekjære artar som myske, junkerbregne, lodneperikum og vårerteknapp, samt mindre kravfulle artar som skogsvinerot, storklokke og kratthumleblom. Lungenever-samfunnet er middels godt utvikla, men ingen spesielt sjeldsynte artar er funne. Derimot veks det sparsamt med flatragg (NT) på ospetre (også sett på alm). Denne arten er i fylket berre kjent frå Folddalen og Gråura i Sunndalen.»

### **Brukarinteresser**

Slike lågareliggande skogar har tradisjonelt vorte utnytta til ved- og tømmerhogst og beite.

Det meste av tilbodsområdet er ei bratt bekkekluft med stadvis over 50 grader stigning. Vi vurderer konflikten med tømmerproduksjon på gran som svært liten.

Skjorolia ligg innafor området til tamreindrifta i Trollheimen. Arealet ligg heilt i ytterkant av sommarbeiteområdet, men som nemnt ovanfor vurderer vi dette til å ha svært liten verdi for desse interessene.

Folda er regulert til kraftproduksjon, og vassdraget utgjer grensa for framlegget til naturreservatet. Reguleringa vil ikkje vere til hinder eller skade for skogområdet.

Det går ei 300 kV kraftline og anleggsveg til kraftverka rett nord for tilbodsområdet, men desse vert ikkje påverka av vernet.

Området vert no nytta til friluftsliv som storviltjakt og lokal turgåing. Det er eit hyttefelt nedom området.

Vi er ikkje kjent med kulturminne i området. Området er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

### **Avgrensing**

Framlegget til naturreservat går fram av vedlagt vernekart.



## Saksbehandling

### Oppstartsmelding

Fylkesmannen sendte ut melding om oppstart av verneplanprosessen for naturreservat i Skjoralia til fleire aktuelle interessepartar i brev av 29.09.2020. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 30.10.2020.

Det har kome sju innspel til oppstartsmeldinga.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje merknader.

Norsk Bergindustri ønskjer at evt. geologiske ressursar vert undersøkt før vernevedtak vert fatta. Ut frå dette vurderer fylkesmannen forholdet til bergverk og massetak som avklart, og det er ikkje behov for spesielle tilpassingar i grenser og verneforskrift.

Statkraft Energi AS har regulert vassdraget Folda som ligg i grensa på tilbodsområdet, og det er 2 reguleringsmagasin oppstraums. Dei viser til at det er pålagt minstevassføring, men at det også kan bli overløpsdrift og uregulert flomvassføring. Statkraft har plikt til å halde oppe flomkapasiteten med skogrydding og massetak langs elveløpet, og dei må sette opp varselskilt om raske endringar i vassføringa. Fylkesmannen vil ta omsyn til dette ved å bruke standardbestemmingane om drift og vedlikehald av energianlegg.

NVE viser til at det er eit digitalt kartlagt småkraftpotensiale i Folda, ber om at grunneigarane vert orientert om dette. Vidare viser til at det går ei 300 kV overføringline rett ved det tilbydde området, og ber om at standardbestemmingar om nett vert vurdert brukte i forskrifta. Fylkesmannen har teke omsyn til dette i verneforskrift.

Kartverket meiner at Folddalen er eit dekkande namn på området, Språkrådet viser til at Folddalen er eit langt større område enn det tilbydde, og foreslår å bruke Skjoralia i staden. Etter å ha konferert med grunneigar, vil Fylkesmannen tilrå Skjoralia naturreservat som namn på verneområdet.

Sametinget ønskjer at verneformålet også må vere å sikre samisk kultur med reindrift, og at samiske interesser skal ivaretakast ved etablering av forvaltingsordningar. Dei ønskjer generelle unntak for bruk av beltekøyretøy på snødekt mark i samband med reindrift, generelle unntak for skjering av skohøy, uttak av ris til gammer og materialar til samisk husflid, uttak av brensel og vedlikehald av reingjerde og reindriftsutstyr. Vidare vil dei ha fleirårige dispensasjonar for terrengkøyretøy på barmark og helikopter til reindriftsutøving.

Sametinget vil komme med detaljerte innspel til forskrifter, og vil at oppstartsmeldinga skal sendast til reinbeitedistriktet. Reindriftsforvaltinga ved Fylkesmannen i Trøndelag bør involverast i saksbehandlinga. Sametinget må få tilsendt uttalelsane frå samiske interesser etter avslutta høyring, og få god tid til å uttale seg.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at Skjoralia har spesielt stor verdi for reindriftnæringa. Området er ei svært bratt bekkekløft som stuper ned i Folda, og her er ikkje forhold for terrengkøyring eller uttak av materialar til reindrift eller samisk handtverk. Vi reknar med at dette vert vurdert nøyare under høyringa, og vi vil ettersende evt. samiske fråsegner til Sametinget etter avslutta høyring.



Figur 1 Skjorolia (norgebilder.no)

### **Vidare saksgang**

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Fylkesmannen med dette verneframlegg på høyring.

Skogen vil bli taksert av ALLSKOG i samarbeid med Staten sin skogsakskunnige. Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigarane om erstatning, avgrensing og framlegg til forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Fylkesmannen, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. I prosessen vil det bli avklart om det skal gjennomførast konsultasjonar med Sametinget. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit forslag om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalen. Fylkesmannen får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Fylkesmannen om grensegang og merking.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast skje mot slutten av 2021.



**(Utkast)**

## **FORSKRIFT OM VERN AV SKJORALIA NATURRESERVAT, SURNADAL KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL**

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx xxxx med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1 Føremål**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur, med særleg store verdiar knytt til rik edellauvskog. Skogen er velutvikla og har fleire kravfulle artar.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2 Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr. i Surnadal kommune: 119/3 .

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 137 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart dagsett Klima- og miljødepartementet xx.xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Surnadal kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3 Vernereglar**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre eller annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som for eksempel oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrenning er forbode.





#### **§ 4 Generelle unntak**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Beiting.
- e) Utsetting av saltsteinar.
- f) Vedlikehald av eksisterande jakttårn.
- g) Oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt.
- h) Fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt.
- i) Bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.
- j) Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall, på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.

#### **§ 5 Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel til lands er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode.

#### **§ 6 Generelle unntak frå reglane om ferdsel**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- eller forvaltingsoppgåver som er vedteke av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.

#### **§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- b) Tiltak i samband med forvaltning av vilt.
- c) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b.
- d) Hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag.
- e) Merking og rydding av nye stiar.
- f) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d.
- g) Oppsetting og vedlikehald av gjerde.
- h) Gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade.
- i) Bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med godkjent forvaltingsplan.
- j) Øvingskjøring for føremål nemnt i § 6 første ledd.
- k) Naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 c og § 7 b, c, d, g og h.



### ***§ 8 Generelle dispensasjonsreglar***

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom tiltaket ikkje er i strid med vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleikssyn og omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

### ***§ 9 Skjøtsel***

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

### ***§ 10 Forvaltingsplan***

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### ***§ 11 Forvaltningsstyresmakt***

Miljødirektoratet fastset kva instans som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

### ***§ 12 Iverksetting***

Denne forskrifta trer i kraft straks.